



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Kinn kommune  
Postboks 294  
6701 MÅLØY

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/978-39

30. september 2022

## Oppfølging av utgreiing om deling av Kinn kommune

Eg viser til mitt brev 16. mai 2022 til Statsforvaltaren i Vestland, med oppdrag om å greie ut deling av Kinn kommune. Av brevet 16. mai går det fram at kommunestyret i Kinn 10. februar vedtok å søke om utgreiing av deling av Kinn kommune etter inndelingslova § 8 andre ledd.

Statsforvaltaren i Vestland sendte si utgreiing med vurdering og tilråding til departementet 9. september 2022. Det går fram av utgreiinga at statsforvaltaren etter ein anbodskonkurranses ga i oppdrag til BDO å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag om konsekvensar av ei deling. Dette kunnskapsgrunnlaget blei gjort kjend for innbyggjarane i Kinn, som grunnlag for ei rådgjevande folkerøysting i kommunen. Resultatet av folkerøystinga viste at eit lite fleirtal av innbyggjarane i heile kommunen ønskjer at kommunen ikkje skal delast. Kommunestyret i Kinn har vurdert rapporten og rådet som innbyggjarane ga i folkerøystinga, og kommunestyret vedtok 7. september at Kinn kommune held fram som eigen kommune.

Tilrådinga frå statsforvaltaren 9. september lyder slik:

*Statsforvaltaren ser at det er både fordelar og ulemper knytt til ei eventuell deling av Kinn kommune.*

*Etter Statsforvaltaren si meining er det i ei slik sak viktig å ta omsyn til det øvste politiske organet i kommunen. Det var Kinn kommunestyre som tok initiativ til å utgreie konsekvensane av ei deling, og vedtaket i kommunestyret bør såleis vege tungt. Kommunestyret har vedteke at Kinn kommune held fram som eigen kommune.*

*Statsforvaltaren i Vestland sluttar seg til vedtaket i Kinn kommunestyre, og vi tilrår med dette at Kinn kommune ikkje blir delt og såleis held fram som eigen kommune.*

Etter inndelinglova § 5 gjer Kongen vedtak om deling av ein kommune når kommunen eller kommunane saka gjeld, har slutta seg til forslaget. Dersom regjeringa går inn for deling av éin kommune der kommunestyret har uttalt seg mot deling, skal saka leggjast fram for Stortinget for avgjerd.

Kinn er ikkje rekna som ein tvangssamanslått kommune. Då Stortinget vedtok samanslåing av Flora og Vågsøy i 2017, blei vedtaket fatta på bakgrunn av lokale vedtak om samanslåing i begge kommunestyra.

Regjeringa sa ja til å greie ut deling av Kinn kommune på bakgrunn av eit initiativ frå kommunen sjølv. Kommunestyret i Kinn har så, etter å ha innhenta råd frå innbyggjarane vurdert saka, og konkludert med at ein ikkje ynskjer deling. Regjeringa vil derfor ikkje gå vidare med sak til Stortinget om å dele Kinn kommune.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik

Kopi  
Bremanger kommune  
Kartverket  
Statsforvaltaren i Vestland